

DANS

Overordna mål:

- meistre basisferdigheter relatert til eiga kropp, nivå, sjanger og dansefagets egenart
- bruke dans som kommunikasjons- og uttryksmiddel
- oppleve glede og meistring gjennom å skape og utøve, og gjennom det å få tiltru til eigne evner og uttryksmoglegheiter
- utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- synleggjere born og unge som ressursar, kulturformidlare og positive rollemodellar i lokalmiljøet
- få moglegheit til fordjupning som kan skape grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i dans

Forventningar til eleven og heimen:

- gje beskjed til lærar viss eleven ikkje kan møte opp til undervisning. Vi er avhengige av alle elevane er tilstade på gruppeundervisning for å arbeide og utvikle oss saman, dette gjeld særskild på timane før framsyningar.
- øve på koreografi med tilsendt musikk, evt. link til video av dansen.
- vere hjelpsame med å finne kostyme, rekvisittar og sminke i framsyningsperiodar.
- halde seg oppdatert på årsplan og andre informasjonsdokument som vert utlevert på timen og på Speedadmin.

Forventningar til læraren:

- skape eit læringsmiljø prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og dialog
- skape gode formidlingsopplevingar
- har ein god og tydeleg dialog med heimane

- gje beskjed om fråvere/avlyst undervisning i god tid.
- gje felles informasjon om framsyningar/andre arrangement i god tid.

Reglement:

Eleven må ha klede som er gode å bevege seg i, og som tåler at ein blir sveitt. På føtane kan elevane velje om dei vil ha på seg sokkar, vere berrføtt eller bruke lette tøysko. Håret skal vere opp i strikk, og bort frå ansiktet. Hugs å ha med drikkeflaske med vatn, kroppen treng væske når den er i aktivitet! Ver førebudd på timen, og møt opp i tide.

LOKAL LÆREPLAN DANS

	INNHALD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
Dans 1	<p>Timane er bygd opp av oppvarmingsøvelsar og kreative øvelsar som fremjer danseglede, kroppsmedvit, musikalitet og disiplin.</p> <p>Det er mykje fokus på dans gjennom leik og utforsking, der elevane lærar om dansens grunnelement (tid, rom, flyt, kraft).</p> <p>I laupet av semesteret skal elevane øve på å gjere koreografi/sekvensar utan hjelp, for å utvikle sjølvstendighet og oppleve meistring.</p>	<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none">- bruke kropp, rørsle og musikalitet til å uttrykke ulike kjensler og stemningar- oppleve danseglede og kroppsleg meistring i trygge omgjevnader- delta med enkle danseuttrykk på ein relevant visningsarena- lære om dansens element (tid, rom flyt, kraft) og bruke dette i leik- utvikle kroppsmedvit, koordinasjon og disiplin	<ul style="list-style-type: none">- Lærarstyrt undervisning- rettleiing og vurdering- samarbeid- utforsking- framsyningsarbeid
Dans 2	<p>Timane er bygd opp av oppvarmings-, ferdighets- og kreative øvelsar som fremjer danseglede, kroppsmedvit, musikalitet, romforståing og disiplin.</p> <p>I laupet av semesteret jobbar vi meir og meir med koreografi til ulike framsyningar. Desse vert innstudert av lærar, med liten eller stor grad av elevmedverknad. Vi jobbar mot å bli sjølvstendige og støtte kvarandre som</p>	<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none">- bruke kropp, rørsle og musikalitet til å uttrykke ulike kjensler og stemningar- oppleve danseglede og kroppsleg meistring i trygge omgjevnader- lære om dansens grunnelement (tid, rom, flyt, kraft) og korleis denne dynamikken påverkar	<ul style="list-style-type: none">- Lærarstyrt undervisning- prosjekt- og framsyningsarbeid- elevmedverknad- samarbeid- utforsking og skapande arbeid- rettleiing og vurdering

	<p>gruppe!</p> <p>Timen vert avslutta med avspenning/tøying, for å utvikle smidighet, styrke og kroppsmedvit.</p>	<p>danseuttrykket</p> <ul style="list-style-type: none"> - få kunnskap om senter, pust og funksjonell danseteknikk - få eit bevisst forhold til musikken, og relatere dette til kunstnerisk uttrykk 	<ul style="list-style-type: none"> - kvarandrevurdering
Dans 3	<p>Timane er bygd opp av oppvarmings-, ferdighets- og kreative øvelsar som fremjer danseglede, danseteknikk, og musikalitet.</p> <p>Elevane skal lære om grunnleggjande danseteknikk (pust, plassering, forlengelse), og kunne prate om dette i ein dansekontekst.</p> <p>I laupet av semesteret jobbar vi meir og meir med koreografi mot ulike framsyningar. Desse vert innstudert av lærar, med liten eller stor grad av elevmedverknad. Vi jobbar med fokus som tema, uttrykk/innleving, fullføre bevegelsane, samdans, relasjon musikk/bevegelsar.</p> <p>Timen vert avslutta med avspenning/tøying for å utvikle styrke og smidighet.</p>	<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - utvikle ferdigheter og kroppsmedvit gjennom funksjonell danseteknikk - få kunnskap om enkle koreografiske prinsipp og delta i skapande prosesser fra idé til produkt - lære om dansens grunnelement (tid, rom, kraft, flyt) og bruke dette i kreativt arbeid aleine og i gruppe - formidle og diskutere korleis relasjonar mellom musikk og dans påverkar danseuttrykket - utvikle sjølvstendighet i koreografiarbeid - kunne bruke relevant fagterminologi 	<ul style="list-style-type: none"> - Lærarstyrt undervisning - Prosjekt- og framsyningsarbeid - elevmedverknad og sjølvstendig arbeid - samarbeid - utforsking og skapande arbeid - rettleiing og vurdering - eiga- og kvarandrevurdering
Dans fordjuping	<p>Dette er eit tilbod for elevar i 7.kl og oppover som viser stor motivasjon til å utvikle seg vidare som dansar, og som har eit</p>		<ul style="list-style-type: none"> - Lærarstyrt undervisning - rettleiing og vurdering

	<p>godt teknisk nivå og naturleg scenisk uttrykk.</p> <p>Undervisninga foregår på danselina på Vinstra vgs fire laurdagar i året.</p> <p>Kvar helg har elevane ulike dansepedagogar som fokuserar på ulike dansestilar og -uttrykk, til dømes ballett, hiphop, moderne/samtidsdans, jazz.</p>		<ul style="list-style-type: none">- elevmedverknad og sjølvstendig arbeid- samarbeid- utforsking og skapande arbeid
--	---	--	---